
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 27.03.2019
Tidsramme: kl 10:15-16:20
Sted: Norsk Maritimt Kompetansesenter, Ålesund
Saksnr.: 21/19 - 30/19
Arkivsak: 2019/129

Møteleiar:
Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:
May Helen Molvær Grimstad
Toril Forbord
Nils Kvernmo
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:
Ingrid Løset
Atle Tangen

Forfall:
Ingen

Frå administrasjonen møte:
Administrerande direktør Espen Remme
Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.
Styret har hatt ei omvising på Ålesund behandlingssenter i forkant av styremøtet. Mottatt godt og god orientering om det gode arbeidet som gjerast i tverrfagleg behandling innan rus.

Sak 21/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Administrerende direktør ber om å få bytte rekkefølga på sak 26/19 og 27/19 på bakgrunn av at sak 27/19 har ein del fakta som er god ha med seg i behandlinga av sak 26/19. Dette var det ingen innvendingar mot.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og saksliste.

Sak 22/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringer:

- Orientering frå administrerende direktør:
 - Nye løysingar i føretaket; ny app og robotiserte knoklar
 - Offisiell opning av tilbodet Barneblikk
 - Protokollskulen – planlegging og gjennomføring av eit forskingsprosjekt
 - Signering av kontrakt med Epic om Helseplattformen
 - Behandling av nedkjølt kvinne i Molde – utvida forklaring om hendinga i samråd med pasient og pårørande.
 - Hendinga med cruiseskipet Viking Sky – direktør er stolt av det apparatet som vore i aktivitet under denne spesielle hendinga.

Sak 23/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå styremøte Helse Midt-Norge 14.03.2019
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 08.03.2019
- Protokoll frå AMU-møte 25.03.2019 (sendast ut 26.03.2019) m/protokolltilførsel
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 25.03.2019(sendast ut 26.03.2019)
- Brev frå Tingvoll kommune – om fødesammenslåing og spesialisert rehabilitering
- Brev frå to tidligare leiarar ved Aure Rehabiliteringssenter
- Brev frå jordmorforbundet
- Brev frå rådmenn på Sunnmøre
- Brev frå Gunhild Rolandsen
- Uttale frå fellesnemnda Nye Ålesund kommune
- Uttale frå fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal
- Uttale frå eldrerådet i Volda kommune
- Uttale frå FFO Møre og Romsdal
- Opent brev frå tilsette ved DPS Sjøholt
- Brev frå Vanylven kommune
- Brev frå Norske kvinners sanitetsforening
- Brev frå tillitsvalt og verneombod på Aure rehabiliteringssenter m/ vedlegg
- Brev frå tillitsvalt og verneombod på Mork rehabiliteringssenter
- Uttale frå anestesijukepleiarar ved Kristiansund sjukehus
- Innspel frå Den norske jordmorforening
- Brev frå Aure Høyre
- Endeleg uttale frå Aure kommune til HMR 25.03.2019
- Brev frå legegruppa ved Kristiansund sjukehus
- Brev frå Aure helselag

- Brev frå LHL Møre og Romsdal
- Drøftingsprotokoll frå føretakstillitsvalte ved HMR 25.03.2019
- Brev frå kommunane på Nordmøre – Orkidé
- Tilslutning til brev frå kommunane på Nordmøre frå Averøy kommune
- Brev frå seksjonsleiar Skar ved Aure rehabiliteringssenter
- Uttale frå Fylkesutvalet i Møre og Romsdal v/ Jon Aasen
- Brev frå kommunane på Søre Sunnmøre
- Vedtak frå Aure kommunestyre m/intensjonsavtale
- Innspel frå hovudverneombod i Helse Møre og Romsdal
- >900 postkort

Sak 24/19 Mandat samhandlings- og gjennomføringsfasen SNR

Styret fekk presentert status og plan for arbeidet vidare av prosjektstyreleiar Johan Arnt Vatnan.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner framlegget til Mandat for samhandlings- og gjennomføringsfasen SNR (versjon 3.0), datert 15.03.19.

Sak 25/19 Statusrapport februar 2019 – kvalitet, økonomi, aktivitet

Styret fikk ei orientering innleiingsvis av administrerande direktør om statusrapporten frå februar.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for februar til orientering og merkar seg den gode utviklinga i ventetider innanfor BUP
2. Styret ber om at det blir utarbeidd ei oppdatert prognose for 2019 til styremøtet i mai. Styret ber adm. dir kome tilbake til styret med ytterlegare tiltak for å sikre budsjettbalanse for 2019.

Sak 26/19 Oppfølging budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan

Styreleiar innleia med å skissere framgangsmåten i behandlinga av denne styresaka. Styret tek føre seg eit og eit prosjekt og tek diskusjon og spørsmål i kvart tema med påfølgande vedtak før ein går vidare til neste prosjekt. Styret fekk først ein gjennomgang av prosjekta som går i helseføretaket. Første prosjekt som blei styrebehandla er Fødeprosjektet. Deretter blei henholdsvis Rehabiliteringsprosjektet, DPS-prosjektet og outsourcing-prosjekt behandla kvar for seg.

Fødeprosjektet:

Forslag om utsetting av vedtaket om samanslåing av fødeavdelingane til det føreligg ein dato for ferdigstilling av SNR.

Forslaget faller med to stemmer for utsetting og seks stemmer mot.

Forslag om å utgreie å legge lokaliseringa til Kristiansund i staden for Molde.

Forslaget faller med en stemme for utgreiing og sju stemmer mot.

Forslag om å utsette delen av vedtaket som gjeld lokalisering til å bli sett i samanheng med funksjonsfordeling elles i helseføretaket.

Forslaget faller med to stemme for å utsette lokalisering og seks mot.

Styreleiar legg fram forslag om eit tillegg til pkt 3.

Styret ser viktigheita av at det er tunge funksjonar og oppgåver både i Kristiansund sjukehus og Molde sjukehus i interimfasen til SNR og ber seg derfor førelagt eit samla oppgåve- og funksjonsfordelinga ved Molde sjukehus og Kristiansund sjukehus spesielt og i helseføretaket generelt så tidleg som mogleg.

Styreleiar legg fram forslag om å stryke setninga «og vil be om at ambulansetaietableringa på Rensvika/rensvikhomen som del av SNR løysinga vert gjennomført så snart som råd».

Forslaget vart akseptert av styret.

Rehabiliteringsprosjektet:

Etter innspel frå Aure kommunestyre, ba administrerande direktør om å få trekke saksinnhald og vedtakspunkt om rehabilitering og komme tilbake til styret med saka ved eit seinare styremøte (gjeld sak 26/19 vedtakspkt 4).

Samstemt styre aksepterte at punkt 4 vert teken ut.

Omstilling døgnposten DPS Sjøholt

Inga innspel til innstillinga på vedtak.

Outsourcing reinhald Kristiansund og Molde

Inga innspel til innstillinga på vedtak.

Vedtaket blei vedteken med ein stemme imot og sju for outsourcing.

Styret i Helse Møre og Romsdal gjorde følgjande vedtak:

1. Styret i HMR tek orienteringa om pågåande arbeid av operasjonisering av utviklingsplan HMR til vitande.
2. Styret vil på generelt grunnlag understreke at gjennomføringa av skisserte tiltak med uttak av driftsøkonomiske effektar skal prioriterast.
3. Styret vedtek å slå saman fødeavdelingane i Kristiansund og Molde til ei samla fødeavdeling for Nordmøre og Romsdal ved Molde sjukehus fram til opninga av SNR i tråd med framlagt plan. Samanslåinga har verknad frå 19.august 2019. Styret peikar spesielt på viktigheita av å prioritere kompenserande tiltak.

Styret ser viktigheita av at det er tunge funksjonar og oppgåver både i Kristiansund sjukehus og Molde sjukehus i interimfasen til SNR og ber seg derfor førelagt eit samla oppgåve- og funksjonsfordelinga ved Molde sjukehus og Kristiansund sjukehus spesielt og i helseføretaket generelt så tidleg som mogleg.

4. Trukket fra styrebehandling

Styret vedtek at HMR sitt spesialiserte rehabiliteringstilbod skal utviklast og samlast inn mot sjukehusa, og at dette skal skje parallelt med utvikling av ambulante spesialiserte rehabiliteringsteam og i samarbeid og dialog med kommunane.

- a) Det spesialiserte tilbodet i regi av HMR ved Aure rehabilitering vert avslutta ilt. august 2019.*
- b) Tilsvarande prosess skal gjennomførast for det spesialiserte rehabiliteringstilbodet ved Mork rehabiliteringssenter, der ein byrjar prosessen i august 2019 – med endring seinast haust 2020.*

5. Styret vedtek å omstille døgntilbodet DPS Sjøholt i tråd med framlagt plan i styresaka.
6. Styret vedtek outsourcing av reinhaldstenester for føretaket sine aktuelle institusjonar i Nordmøre og Romsdal. Anskaffelsen skal skje i tråd med regelverket for offentlege anskaffelsar. Dersom føresetnadene for outsourcing endrar seg vesentleg, vil styret be om å få seg saka førelagt på nytt.
7. For pågåande og planlagt arbeid ber styret om at endringsarbeidet skal bygge på gode prosessar, med involvering av tilsette og samarbeidspartar – sikre risikovurdering og oppfølginga av kompensierende tiltak.
8. Resterande utfordring for 2019 og skisser for omstilling dei neste åra vil bli lagt fram for styret i sak om LTB i mai 2019.

Etter behandling av styresak 26/19 ba Nils Kvernmo om permisjon frå resten av styremøtet. Brukarrepresentantane blei også fristilt. (kl 15:56)

Sak 27/19 Kvalitet og økonomisk berekraft frå eit pasienttryggleiksperspektiv

Styret fekk ein presentasjon om noko av kvalitetsarbeidet i helseføretaket og plan for arbeidet vidare knytt til rapportering og informasjon til styret.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF legg saka til grunn for vidare arbeid med kvalitet og pasienttryggleik.

Sak 28/19 Årsrekneskap 2018 og styret si årsberetning 2018

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF godkjenner årsberetning og årsrekneskap for 2018 med dei merknadar og kommentarar som kjem fram under møtet. Årets underskot på 156,313 mill. kroner blir dekt av framtidige overskot.
2. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningslinjer for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2019, og legg denne fram for avgjerd på føretaksmøte.
3. Styret legg vedlagte årsrekneskap og årsberetning fram for føretaksmøte for godkjenning.

4. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i årsrekneskapet og årsberetninga.

Sak 29/19 Helikopterbasen ved Ålesund sjukehus – tiltak for lukking av avvik frå Luftfartstilsynet

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF godkjenner planlagde tiltak på helikopterbasen ved Ålesund sjukehus for å lukke avvik frå Luftfartstilsynet. Tiltaka skal gjennomførast i perioden 2019/2020 og innanfor ei total kostnadsramme på inntil 20,0 MNOK.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om at det blir sendt ein lånesøknad på 20,0 MNOK til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere tiltaka

Sak 30/19 Godkjenning av protokoll 04/2019 – styremøte 27.03.2019

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 27.03.2019.

Ålesund, 27.03.2019

Ingve Theodorsen
Styreleiar

May Helen Molvær Grimstad
Nestleiar

Toril Forbord

Nils Kvernmo

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen